



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: 8ef6ada3-5acb-4439-9229-0d333273571e	Linda Hammersvik Folkestad	31.07.2023
Vår: 23/5697 - 23/60507	<a href="mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no">linda.folkestad@alver.kommune.no</a>	

## Uttale søknad om etablering av ny bu eining - Gbnr 318/30, 318/87 etablering av bueining, dispensasjon frå plankrav Sagstad øvre

Tiltak:	Etablering av bueining i bustad
Byggjestad:	Gbnr: 318/30
Tiltakshavar:	Ingvald Eilert Sagstad
Ansvarleg søkjar:	Navar Takst Og Eiendom As

Saka gjeld søknad om etablering av ny bueining i eksisterande bustad på Gbnr 318/30 og 87 Sagstad øvre. Eksisterande hybel skal endrast til eigen bueining. Tiltak krev dispensasjon frå plankrav i KDP Meland pkt.1.2.

Planstatus  
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som B\_9 bustadføremål.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

### Uttale:

Bustaden er i 1978 oppført som einebustad med hybelleilegheit. I følgje søkjar er garasjetilbygg frå 1986 innreia med to soverom, vaskerom og vindfang. Eigar ynskjer å endre tidlegare godkjent planløysing slik at hybel vert gjort om til eigen leilegheit på 90m<sup>2</sup>. Leilegheita vil få eigen inngangsparti.

Da bueining i kjellar får endra bruksareal, vil dette medføre ei endring av eksisterande abonnement på kommunal vass- og avløpstenester. Slike endringer er søknadspliktig i henhold til pkt. 2.2 i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser». Ansvarleg føretak må sende inn rørleggarmelding for utført endring.

Rørleggarmeldinga skal innehalde følgjande dokumentasjon:

- teikningar som viser eininga sitt BRA målt i m<sup>2</sup>. Utvendig bod skal takast med i berekning av BRA. Vi gjer merksam på at bueininga sitt BRA inkl. arealet på utvendig bod kan medføre endring av kommunalt årsgebyr.
- Bunnleidningsplan
- Situasjonsskart (VA-kart) som viser privat leidningsnett frå veggiliv bustad og fram til tilknytingspunkt på kommunal vass- og avløpsleidning.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen innvendingar mot at det vert gitt dispensasjon frå plankrav i KDP Meland pkt. 1.2. Slik vi ser det, er det, er det allereie to bueiningar i bygget. Det vil ikkje være noko endring i forhold til dagens situasjon, anna enn at ei av einingane vil få større BRA.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har, i vedtak 20.06.2023, gitt utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse i samband med ynskje om å endre bustaden i to eigne seksjonar.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG